



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Den kulturelle
skulesekken
Møre og Romsdal

**”Ei kokebok for kommunekontakten og
kulturkontakten på skulen»**

GENERELL INFORMASJON OM DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeidsprosjekt mellom kultur- og opplæringssektoren på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, og omfattar alle skular i Noreg. Den kulturelle skulesekken sørger kvart år for at alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule får oppleve musikk, scenekunst, litteratur, kulturarv, film og visuell kunst av høg kvalitet utført av profesjonelle utøvare.

Kva gjer fylkeskommunen?

Arbeidet med Den kulturelle skulesekken i Møre og Romsdal skjer etter nasjonale føringar som vert gitt i tildelingsbrevet frå Kulturtanken. Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for programmet regionalt, men kommunane har óg moglegheit til å utvikle sine eigne program. Regional koordinering og programmering av ordninga gjøres av fylkeskommunen, og her ligg óg ansvar for å sikre kvaliteten på tilbodet.

Kvar kjem pengane frå?

Den kulturelle skulesekken vert finanisert av spelemiddel frå Norsk Tipping. Kulturtanken- Den kulturelle skulesekken Noreg fordeler midla til vidare til fylkeskommunane.

Måla for ordninga er:

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtildel
- å leggje til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og utvikle forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål

Alle kommunane i Møre og Romsdal deltek i ei abonnementsordning som sikrar alle skulane profesjonelle kulturtildel innan eit breitt spekter av kulturuttrykk. Kommunane betaler ein eigendel pr elev for kvart skuleår.

Kulturlauget

Kulturlauget er ei bestillingsordning for skolane der skolane kan bestille verkstader med profesjonelle fagfolk innan eit breitt spekter av kulturuttrykk. Kommunane betaler ein eigendel pr verkstad som utgjer om lag 50% av dei samla utgiftene.

4 kulturskolar i fylket er også leverandør av verkstader som skolane kan bestille gjennom prosjektet Kulturlauget - Den kulturaktive eleven. Formidlingsseksjonen samordnar bestillinga av alle verkstadane.

NETTVERKET SINE ROLLER

Aktuelle møteplasser for kulturkontaktar og kommunekontakter:

- Årlege nettverksmøter for kommunekontaktar
- Årlege kurs for nye kulturkontaktar
- Møteplass i januar under fanen «Ung kultur i Møre og Romsdal» for målgrupper i Den kulturelle skulesekken (skule på alle nivå og kultur på alle nivå, universitet og høgskular, forskingsmiljø og det profesjonell kunst- og kulturfeltet).

Påmelding skjer elektronisk, og blir gjort kjend på nettsidene til Den kulturelle skulesekken Møre og Romsdal og på fylkeskommunen si nettside:

www.dksmr.no

www.mrfylke.no

Kommunekontakten

Kvar kommune har ein ansvarleg kommunekontakt. Denne har overordna ansvar for utvikling og samordning av arbeidet med Den kulturelle skulesekken i sin kommune. Formidlingsseksjonen nyttar kommunekontakten til vidaresending av viktig informasjon, og er ein særslig sentral samarbeidspart i arbeidet med Den kulturelle skulesekken.

Av sentrale arbeidsoppgåver nemner vi:

- Utarbeiding og revidering av kommunal plan for Kultursekkjen
- Deltaking i Det kommunale Kulturforum
- Koordinering av kultursekk-tilboda i kommunen, t.d ansvar for leige av kulturhus/kino
- Oppfølging av kulturkontaktane, t.d samordne laugsbestilling
- Informere formidlingsseksjonen om kommande strukturendringar i skuleverket
- Deltaking på Kulturorget/ Ung kultur i Møre og Romsdal
- Møter med formidlingsseksjonen
- Koordinere påmelding til Kulturorget/ Ung kultur i Møre og Romsdal

Det lokale Kulturforum

Kvar kommune bør ha eit Kulturforum. Kulturforumet er arena for samarbeid, utvikling og samordning av dei lokale tiltaka i Kultursekkjen. Kulturforumet er ein naturleg arena for utarbeidning av den lokale DKS-plana.

Kulturforumet bør bestå av:

- Kommunekontakten
- Skule/oppvekstkontor, Kulturkontor
- Kulturskulen
- Den norske Kyrkja
- Folkebiblioteket
- Det lokale museum
- Lokale kunstnarar mm

Kulturkontakten på skulen

Kulturkontakten er bindeledd mellom formidlingsseksjonen og skulen, og er utøvarane sin kontakt på skulen. Kulturkontakten er ansvarleg for å leggje til rette for å skape eit godt arrangement på skulen. Kulturkontakten bør involvere fleire i dette arbeidet, og gjerne delegerere arbeidsoppgåver. Alle aktuelle lærarar må bli orientert om tilboda, slik at elevane er førebudde.

Å planlegge tilboda ved skulen i god tid er viktig. Da vil til dømes vaktmeister kunne tilrettelegge dei tekniske krava. Å engasjere elevar i førebruinga kan vere ein styrke. Mange skular har elevar som arrangørar, noko som har vore vellukka. Formidlingsseksjonen kan gje tips om korleis dette kan gjennomførast.

Informasjon frå formidlingsseksjonen til skulane skjer elektronisk, difor må skulen legge til rette for at kulturkontakten har tilgang til og brukar internett og e-post jamnleg. Formidlingsseksjonen er også avhengig av å få innspel på lokale tilhøve, som t.d hørselshemma elevar, tilstand på piano, byggearbeid ved skulen osv.

Kulturkontakten er ansvarleg for oppdatering av skuleinformasjonen i KSYS. (Sjå eiga rettleiing)

Det er ein fordel at kulturkontakten er frigjort frå vanleg undervisning ved arrangement, men organisering av kulturkontakten si tid er opp til kvar enkelt skule. Det er naturleg at Den kulturelle skulesekken er ein del av skulekvardagen gjennom skulen sine planer.

Viktige arbeidsoppgåver for kulturkontakten:

Informasjon

- Oppdatere skuleinformasjon som elevtal, timeplanar og kontaktpersonar i KSYS
- Sjekke nettsida www.dksmr.no og eigen e-post jamnleg
- Ta ut fullstendig turnéplan, fakta-ark, lærarrettleiing og tekniske spesifikasjoner frå internett
- Gje formidlingsseksjonen tilbakemelding om behov for endringar i god tid før turnéstart
- Informere vaktmeister, leiinga ved skulen og andre involverte om tilboda som kjem
- La informasjon vere lett tilgjengeleg på lærarrom (kanskje ein Kulturperm?), oppslagstavler og liknande
- Sørge for at lærararar gir alle elevar får informasjon om tilboda
- Sørge for at naudsynte førebuingar er kjend for lærarane

Kontakt med utøvarane:

Kulturkontakten er skulens kontaktperson for utøvarane. Utøvarane tek kontakt på førehand for å avklare tekniske premissar som til dømes bærehjelp, publikumsoppsett, spesielle behov ved skulen osv.

På arrangementsdagen:

- Ta imot utøvarane, sørge for at bærehjelp og vaktmeister er oppmøtt
- Vise utøvarane til spelestad, vis dei garderobe og lærarrom
- Sørge for at utøvarane får kaffe/te eller anna drikke
- Presenter utøvarane for dei andre tilsette
- Ønskje utøvarane velkommen/introdusere før framsyning
- Hugs å takke utøvarane etterpå

Sjekkliste for DKS-arrangement:

- Treng utøvarane bærehjelp?
- Er spelelokalet ledig?
- Kor lang riggetid har utøvarane, når kjem dei til skulen?
- Skal det vere blending?
- Er temperaturen i spelelokalet passeleg?
- Er det nok straum tilgjengeleg?
- Korleis skal publikum plasserast?
- Ved anna spelelokale enn skulen; er transport av elevar organisert?

Når kulturkontakten sluttar, går ut i permisjon, blir sjukmeldt eller liknande, må formidlingsseksjonen få beskjed om kven som tar over ansvaret!

Registrer endringar i KSYS kontinuerleg.